



Det Kongelige Kommunal- og Regionaldepartement
Postboks 8112 Dep

0032 OSLO

Deres ref.	Vår ref./Sakshandsamar	Arkivkode:	Dato:
	05/625-6/08/1772/Jostein Overskeid	200	28.02.2008

Høring - Sørheimutvalget - Inntektssystemet for kommunene

Me viser til tidlegare kontakt mellom avdelingsdirektør Thor Bernstrøm og Sauda kommune ved Ståle Pedersen om utsett høringsfrist i denne saka. Saka vart behandla i Kommunestyret onsdag 27.2.

Uttalen blir i tillegg til som vanleg brev, òg sendt pr E-post til avdelingsdirektør Thor Bernstrøm i dag.

Kommunestyret gjorde følgjande vedtak i saka:

"Sauda kommune er fyrst og fremst opptatt av inntektssystemet vert "robust" og føreseieleg, at det ikkje vert store prinsipielle endringar til dømes ved skiftande regjeringar av ulik politisk farge. Dette er også, etter Sauda kommune sitt syn, eit argument for at ein ikkje no, etter berre eit par år, tek bort selskapsskatten. Det blir òg vist til argumentasjonen i saksutreiinga.

Vert selskapsskatten tatt bort, må det finna stad ei tilsvarende auke i dei frie inntektene, 5,8 milliardar kroner.

Sauda kommune støttar forslaget om ein inntektsgaranti.

Sauda kommune tek det for gitt, men vil presisera, at kompensasjon for kommunar som tapte på omlegginga av ordninga med differensiert arbeidsgjevar DDA, og som ikkje fekk gjeninnført lågare sats, sjølv sagt må halde fram.

Utanom dette meiner Sauda kommune at skjønn i størst mogelig mon må gå inn i det beløpet som vert fordelt gjennom inntektssystemet sine kriterium/fordelingsnøklar.

Sauda meiner det ikkje er noko mål å auka skattedelen av dei frie inntektene til 50 %. Ein auke i dei frie inntektene bør fordelast gjennom inntektssystemet sine fordelingsnøklar.

Sauda kommune meiner det er rett at eit distriktspolitisk tilskot i inntektssystemet vert kopla opp mot distriktspolitikken elles.

Sauda kommune går inn for at dagens modell for inntektsutjamning blir vidareført med ei trekk- og kompensasjonsgrad på 55 %.

Kommunen er samd i at eigedomsskatt og konsesjonskraftinntekter må haldes utanfor inntektssystemet.

Sauda kommune kan støtta forslag om at størrelsen på rammetilskotet (og utgiftsutjamning) blir utrekna av folketal per. 01.07 året før budsjettåret.”

Me viser elles til det etterfølgjande saksforarbeid.

Med helsing

Laura Seltveit
Laura Seltveit
ordfører

Bakgrunn:

Sørheim-utvalet ble satt ned i desember 2006 og leverte sin rapport "Forslag til forbedring av overføringssystemet for kommunene" per 26.10.07.

Utvalet har bestått av følgende medlemmer:

- Kristin Marie Sørheim (Sp), ordfører i Tingvoll kommune, leder av utvalet
- Anita Orlund (Ap), ordfører i Skedsmo kommune
- Ole Martin Norderhaug (Ap), ordfører Trysil kommune
- Mette Tønder (H), politisk rådgjevar på Stortinget
- Erlend Helle (SV), hovedutvalsleiar for samfunn og miljø i Akershus fylkeskommune
- Berit Woie Berg (V), ordfører i Steigen kommune
- Harald Solberg (Kr.f), blant anna tidlegare statssekretær i Finansdepartementet
- Per Erik Monsen (Frp), tidligare Stortingsrepresentant, Sandefjord.

Utvalets skulle i følge sitt mandat bl.a. foreta en vurdering av :

- skattens del av kommunene sine inntekter
- nivå på og utforming av inntektsutjevninga
- selskapsskatten som kommunal skatt
- regionalpolitisk grunna tilskot innanfor inntektssystemet
- behovet for egne tilskot til vekst og fråflyttingskommunar
- størrelsen på skjønnsramma innanfor inntektssystemet
- ordninga med oppdatering av folketal i utgiftsutjevninga
- behovet for overgangsordningar i inntektssystemet

Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) bede om at det i tillegg til eventuelle generelle merknader gis kommentarar til enkeltpunkt over..

Høringsfristen

Rapporten ble sendt ut på høyring med høringsfrist 28.01.08.

Ordfører har sjekka ut at en uttale innlevert i løpet av februar vil bli tatt med.

Saksopplysningar:

Det vises til vedlagt skriv frå KRD datert 26.10.07. Det vises også til vedlagde kopi av rapportens kap. 1 med et samandrag som gjer reie for utvalets oppnemning, mandat og kva konklusjonar ein trekk..

Sørheimutvalet foreslår ein rekke endringar i forhold til dagens ordning. Utvalet er slik det går fram av vedlagt samandrag delt i noen av sine konklusjonar.

Forholdet mellom skatt og rammetilskot

Utvalet tilrår en skattedel av totale inntekter på ca. 50 %. Dette er stort sett i samsvar med gjeldande praksis og tidligare uttrykte mål.

Utjevning av skatteinntekter mellom kommuner

Dagens modell for inntektsutjevning er for kommunene basert på følgende element :

- kommunar med inntekter over landsgjennomsnitt trekkast 55 % av differanse mellom egen skatteinngang og landsgjennomsnitt.

- kommunar med inntekter under landsgjennomsnitt tilføres 55 % av differanse mellom egen skatteinngang og landsgjennomsnitt.
- kommunar med under 90 % av landsgjennomsnitt får tilført 35 % av differansen mellom egne inntekter og 90 % av snitt.

De to første elementa utgjør eit "null-sum-spel". Finansieringa av det tredje elementet foretas ved at samtlege kommunar trekkast med et likt beløp pr. innbyggjar.

Utvalets fleirtal tilrår at dagens ordning med inntektsutjamning holdast, men at satsen for den symmetriske delen aukar frå 55 til 60 %.

Selskapsskatten som kommunal skatt

Utvalet er delt i synet på selskapsskatten. Medlemmene frå Ap, Si og SV foreslår at ordninga med kommunal selskapsskatt avviklast.

Argumenta for å avvike kommunal selskapsskatt:

- jamnare fordeling mellom kommunene
- større stabilitet i inntektene
- vanskelig å dokumentere effekt på næringsutvikling
- et godt arbeidsmarknad et gode i seg sjølv
- en svakheit at kommunene ikkje har innsynsrett i berekningar av selskapsrett

Medlemmene frå H, Krf, V, og Frp foreslår at dagens ordning med kommunal selskapsskatt vidareføres. Argumenter for å behalde selskapsskatt:

- lokal forankring

En eventuell avvikling av selskapsskatten er det forslaget som vil ha størst fordelingsmessige konsekvensar.

Det er to regionar som peker seg ut med forholdsvis mange tapskommunar. Den eine er Oslo-området (Oslo, Bærum, Asker), og den andre er Stavanger-området (Stavanger, Sola), og i tillegg Forsand og Sauda på lista over tapskommunar målt i kr. pr. innbyggjar. Nest etter Oslo er Rogaland det fylket som i snitt taper mest pr. innbyggjar ved avvikling av selskapsskatten

Regionalpolitiske begrunnede tilskott innenfor inntektssystemet

Utvalets fleirtal tilrår at dagens ulike regionalpolitiske tilskot samlast til eit nytt distriktspolitisk tilskot. Omfordelingseffektane er samla relativt små, men for enkeltkommunar kan det gi betydelige utslag.

Behovet for egne tilskott til vekst og fraflyttingskommuner

Utvalet tilrår at det innførast ein eigen vekstkompensasjon i inntektssystemet. Dette vil omfatte kommunar som i den føregåande treårsperiode har hatt vekst over det dobbelte av landsgjennomsnitt. Basert på folketalsutviklinga frå 2004 til 2007 vil 25 kommunar være kvalifiserte for et slikt tilskot, mellom anna Rogalands-kommunane Sandnes, Klepp, Time, Sola, Randaberg og Rennesøy.

For å skape større forutsigbarhet i størrelsen på rammetilskotet tilrådes det vidare at det ved berekning av innbyggjartilskot / utgiftsutjevning nyttas folketal per. 01.07 året før budsjettåret. (Dagens ordning inneber at foreløpig tilskot baseras på folketal 01.01 året før, mens berekningane daterast opp når det føreligg tal pr. 01.01 i budsjettåret).

I den laupande inntektsutjamning forutsett at det fortsett brukast innbyggjartall pr. 01.01 i budsjettåret.

Størrelsen på skjønnsrammen innenfor inntektssystemet

Utvalet tilrår at en størst mulig del av midlane som fordelast i inntektssystemet bør fordelast etter faste kriterier. Bruk av skjønnsmidlar bør dermed reduserast til å omfatte helt spesiell forhold som ikkje fanges opp av de ordinære mekanismene for fordeling.

Behovet for overgangsordninger i inntektssystemet

Utvalet vidarefører hovudtrekka i frå Borge-utvalets forslag om at dagens system for overgangsordningar erstattast med en ordning med inntektsgaranti. Hensikta med denne er å skjerme kommunar som har et sterkt negativt avvik i forhold til gjennomsnittsutviklinga for rammetilskotet frå et år til et anna. Utvalet foreslår at grensa for avvik settes til 300 kr. pr. innbyggjar og at tilskotet finansierast ved et likt trekk pr. innbyggjar for samelige kommunar.

Utvalet forutsett at en ordning med inntektsgaranti ikkje omfattar endringar som skyldes endra inntektsutjevning eller endringar i ordning med selskapsskatt.

Vurdering

Forholdet mellom skatt og rammetilskot

Slik utviklinga har vært de siste åra, har auken i fri inntekter komme gjennom inntektssystemet. Då har midlene vorte fordelt gjennom inntektssystemets kriteriedata (les utgiftsutjevning), og det blir en mer "rettferdig" fordeling i forhold til demografi til dømes. Dette må vera meir riktig enn å tilstrebe en skatteandel på 50 %.

Grad av inntektsutjevning

Sauda kommune bør gå inn for at dagens modell for inntektsutjevning blir vidareført med en trekk- og kompensasjonsgrad på 55 %.

Kommunen er enig i at eigedomsskatt og konsesjonskraftinntektene må holdes utenfor inntektsutjevninga.

Selskapsskatten som kommunal skatt

Sauda kommune mener at selskapsskatten bør være en kommunal skatt.

I begynnelsen av 1990-årene tjente smelteverket tidvis bra – og Sauda kommune håpet på inntekter av overskuddene. Men daværende eier, Elkem fordelte overskuddene ut til andre stader der deres bedrifter gikk dårlig gjennom bruk av konsernbidragsreglene.

Det førte til at Sauda kommune i 1995 sendte et forslag til finansministeren og ba om lovendring slik at en vesentlig del av overskuddet/minst 50 % måtte bli beskattet i den kommunen verdiene var skapt. Men så vart selskapsskatten gjort statlig.

Selskapsskatten ble igjen gjort kommunal frå 2004 – og det falt sammen med gode tider for smelteverket og en generell høykonjunktur. Sauda har dermed fått betydelige og svært kjærkomne inntekter via selskapsskatten - noe som sammen med den generelle høykonjunkturen og betydelige økte overføringer til kommunene fra den nye regjeringen, har ført til en positiv utvikling for distriktskommunen Sauda de siste årene.

Sauda kommune mener også fortsatt at det må være et riktig prinsipp at deler av de verdier/inntektene som skapes i kommunen, også må komme kommunen til gode direkte.

Flertallet i utvalet vil igjen ta bort selskapsskatten som kommunal skatt, mellom anna fordi inntektene fra selskapsskatten kan svinge sterkt frå år til år, og det er et argument en kan forslå, med det vil og jevnas ut jf inntektsutjamningen.

Sauda kommune mener likevel at selskapsskatten har en viktig lokal forankring. Særlig for kommuner som Sauda som ikkje er del av et større bu- og arbeidsmarked, vil selskapsskatten også være et insentiv for å være aktive i næringsutviklingsarbeid – og i tråd med dette synes vi også, som nevnt ovenfor, at det er et viktig og riktig prinsipp at en del av skatten skal tilfalle det lokalsamfunnet der verdiene er skapt – slik Sauda kommune foreslo også midt på 1990-tallet.

Flertallet i utvalet som foreslår selskapsskatten avvirket som kommunal skatt, argumenterer også bl.a. med at en rekke opplysninger er skjernet gjennom lov, for innsyn fra kommunene. I stedet for å foreslå endringer i forhold til dette, uttaler utvalet:

"Dersom selskapsskatten skal videreføres som en kommunal skatt, oppfordrer utvalet derfor til at det jobbes aktivt med å øke mulighetene til innsyn i beregningen av fordelingen av selskapsskatten".

Dette siste kan Sauda kommune slutte seg til.

Regionalpolitisk begrunnede tilskot innenfor inntektssystemet

Utvalets fleirtal foreslår at dagens regionalpolitiske tilskot i inntektssystemet samlas til eit nytt distriktpolitisk tilskot, Kriteria for fordeling av det nye tilskotet kobles til det distriktpolitiske virkeområdet som ligger til grunn for den øvrige distriktpolitikken. Regionalpolitisk skjønn avviklas, men regionalpolitikken for øvrig skal styrkes.

Et nytt distriktpolitisk tilskot skal nyttas til å sette kommunar som slit med fråflytting og dårlegare levkår i stand til å gi et betre tenestetilbod til innbyggjarane enn "gjennomsnittskommunen", for om mulig demme opp for ytterligere fråflytting.

Utvalets fleirtal meiner at det distriktpolitiske tilskot i inntektssystemet bør kobles opp mot distriktpolitikken elles. Det skal foretas en meir direkte vurdering av kva kommunar som har behov for en regionalpolitisk ekstrainsats. Små kommunar utanfor virkeområdet bør eventuelt tilgodeses med skjønsmidlar.

Sauda kommune meiner det er riktig at et distriktpolitisk tilskot i inntektssystemet bør kobles opp mot distriktpolitikken elles.

Både i forhold til spørsmålet om selskapsskatten og til forslaget som gjeld eit nytt distriktpolitisk tilskot, vil Sauda kommune minne om noen synspunkt og forslag som "Distriktskommisjonen" fremma i NOU 2004:19 Livskraftige distrikt og regionar. Distriktskommisjonen hadde klare syn og la fram mange viktige forslag, som

distriktskommunane kunne kjenne seg igjen i. I sin uttale til kommisjonens forslag, uttalte Sauda kommune mellom anna følgjande:

"8. Sauda kommune vil spesielt peke på og slutte seg til, Distriktskommisjonens syn på og anbefalingar vedrørende kommunene – spesielt kommunenes betydning i forhold til å skape attraktive lokalsamfunn, kommunenes betydning som velferdsprodusent, jobbskaper, samfunnsutvikler m.m., og at staten derfor må sørge for at det er samsvar mellom de oppgaver kommunene pålegges og de økonomiske ressurser som gjøres tilgjengelig. Kommunestyret vil også spesielt peke på Distriktskommisjonens syn på og forslag til strategier for, en politikk som stimulerer til nødvendige endringsprosesser og bl.a. kan bidra til at en større del av verdiskapingen kommer lokalsamfunnet til gode." (utheving gjort av saksbehandlar)

Behovet for egne tilskot til vekst og fraflyttingskommuner

Det synes å være bred enighet om at dagens ordning ikkje i tilstrekkelig grad tar i vare de spesielle behov for kommunar med sterk vekst i folketal. Sauda kommune har ikkje merknader til utvalets forslag.

Størrelsen på skjønnsrammen innenfor inntektssystemet

Kompensasjon for kommunar som tapte på omlegginga av ordninga med differensiert arbeidsgjevar DDA, og som ikkje fekk gjeninnført lågare sats, må sjølvstakt halde fram.

For utan dette er Sauda kommune enig i at en størst mulig del av midlane som fordelast gjennom inntektssystemet i prinsippet bør fordelast etter faste kostnadsnøklar.

Behovet for overgangsordningar i inntektssystemet

Sauda kommune sluttar seg til utvalets forslag om å erstatte dagens kompliserte overgangsordningar med et system med "inntektsgaranti". En ordning med inntektsgaranti vil sikre at inntektsnivået frå et år til et det neste ikkje reduserast ut over det som er definert som et akseptabelt nivå.

Pga. unntak for endringer i inntektsutjevning eller selskapsskatt, vil det likevel bli betydelige negative konsekvenser for kommunene med høye inntekter fra selskapsskatt. Dette er et forhold en skal være oppmerksom på når en skal ta stilling til eventuell avviking av selskapsskatt.

Konklusjon

Med bakgrunn i vurderingane over kan Sauda kommune syn summerast i følgjande punkter.

Sauda kommune er fyrst og fremst opptatt av inntektssystemet vert "robust" og forutsigbart, at det ikkje vert store prinsipielle endringar til dømes ved skiftande regjeringar av ulik politisk farge. Dette er også, etter Sauda kommune sitt syn, eit argument for at ein ikkje no, etter berre eit par år, tar vekk selskapsskatten. Det vises også til argumentasjonen i saksutreiinga.

Vert selskapsskatten tatt vekk, må det finne sted en tilsvarande auka i dei frie inntektene, 5,8 milliardar kroner.

Sauda kommune støtter forslaget om ein inntektsgaranti.

Sauda kommune tar det for gitt, men vil presisera at kompensasjon for kommunar som tapte på omlegginga av ordninga med differensiert arbeidsgjevar DDA, og som ikkje fekk gjeninnført lågare sats, sjølv sagt må halde fram.

Utanom dette meiner Sauda kommune at skjønn i størst mogelig mon må gå inn i det beløpet som vert fordelt gjennom inntektssystemets kriterium/fordelingsnyklar.

Sauda meiner det ikkje er noko mål å auke skattedelen av dei frie inntektene til 50 %. Ein auke i dei frie inntektene bør fordelast gjennom inntektssystemet fordelingsnyklar.

Sauda kommune meiner det er riktig at eit distriktspolitisk tilskot i inntektssystemet kobles opp mot distriktspolitikken elles.

Sauda kommune går inn for at dagens modell for inntektsutjevning blir videreført med en trekk- og kompensasjonsgrad på 55 %.

Kommunen er enig i at eiendomsskatt og konsesjonskraftinntektene må holdes utenfor inntektssystemet.

Sauda kommune kan støtte forslag om at størrelsen på rammetilskotet (og inntektsutjamning) berekningas av folketal per. 01.07 året før budsjettåret.